
Eide
Salbu
Sørbøvågen
Leknessundet
Åfjorden
607
Færøyna
Hyllestad
Hersvik-
bygda
Hersvik
Tollesundet
Lågøyfjorden
Risnes
Lifjorden
Solund
Krakhella
Losna
Losnegard
Bø
Rysjeda
606
57
Sula
Solund
Ytrøy
Brossvika
Breidvika
Hardbakke
Rutledal
Ytre Sula
Steinsund
Brossvik-
såta
Dingja
Utvær
Straumsfjorden
Husøy
Rørdalen
Nordgulen
Sognesjøen
Gulen
7
Trovåg
Gulen
Hille
Hisarøyna
Gulen
Eivindvik
Veten
57


Ytrøy
Sperre-
fjellet
Rån-
øyna
606
606
Ytre Sula
Gjerdneset
Utvær
Hjønnevåg
Utvær
Håfjellet
Straumsfjorden
Husøy
Nåra
Rørdalen
Indrevær
Kolgrov
Trovåg
Nautøyna



# VENER AV UTVÆR

Vedtekter, vedtekne på årsmøtet 21.03.2013

§1 NAMN OG FØREMÅL
"Vener av Utvær" er eit lag som skal arbeide for å fremje dei historiske og kulturelle verdiane knytt til øysamfunnet Utvær, og for å gjere staden kjent og tilgjengeleg for publikum.

# Fyrstasjonen i 1949



# Fyrstasjonen i 2010



# Fyrstasjonen i 2015



BERGENS TIDENDE ONSDAG 22. AUGUST 2012






**BYGT FOR Å VARE:** *Det som imponerer Ove Losnegård mest, er alt som er mura på fyrstasjonen. Sand og sement blei frakta ut, trilla opp frå kaia, blanda og støypt. – Det har vore gjort litt av ein jobb, seier han. Sjølv i dag er det tungvint å byggje på Utvær.*

# Fører fyret tilbake til fordoms prakt

**Utvær fyr blir restaurert. Om nokre år skal fyrstasjonen sjå ut slik han gjorde før den evigvarande eternittens tid.**

TERJE ULVEDAL
ØYSTEIN TORHEIM (foto)
terje.ulvedal@bt.no

– Sjå her! Kledningen er nett like god. Det er eigentleg ganske utruleg, seier snikkar og båtbyggjar Ove Losnegård.

Det luktar nymåla ved fyrkaia på Utvær. Eternitten er fjerna på austveggen av naustet. Bordkledningen som kom fram er skrapa og har fått eit strøk med den opphavlege raudfargen. Seinare skal det same skje med fyrmeisterbustaden og dei andre bygningane på landets vestlegaste fyr. Eternitten skal vekk, plate for plate. Fram skal gammal drakt. Fyret skal kledast som det var etter krigen.

– Det er første gong vi fører eit fyr tilbake slik det var, i alle fall på Vestlandet. Restaureringa på Utvær blir veldig spennande å følgje, seier leiar for hamne – og farvatnavdelinga i Kystverket, Geir Egil Skaret.

## Evigvarande

Dagen er ulik dei fleste andre. Havet ligg flatt kring Utvær, været lengst ut. Sola blenkjer sjøen, varmar berga. Holmane kviler i fred. Sjølv stormåsen held nebb.

– Veka har vore makelaus. Vi har gått i kortbukse dagen lang. Eg trur ikkje slikt skjer ofte her ute, seier Losnegård.

Andreas Reisæter Haugen målar eit glas som skal inn i kjellaren i fyrmeisterbustaden. Oddvar Åsnes kler seg i sele og klatrar på taket, skorsteinen på bygget dei kallar brakka skal også reparerast. Ove Losnegård ber materiale. For to veker sidan starta dei tre, alle frå nabokommunen Fjaler, jobben på Utvær fyr. I år driv dei på ein månad. Neste år blir det kanskje litt lenger. Målet er å vere i mål om eit par år.

Første arbeidsveka på Utvær brukte dei heildekkjande dressar og maske. Potensielt kreftframkallande plater på naustet blei tekne ned, pakka og skipa til det lokale renovasjonsselskapet. Eternitt er ikkje å spøkje med.

Slik var det ikkje på 1960- og 70-talet. Då var eternitten sett på som frelse for gamle og vêrutsette bygg. Vedlikehaldsfritt. Og såleis bortimot kostnadsfritt.

– Vi utfører ei salig blanding av vedlikehald og restaurering, seier Losnegård. Han har sjølv laga restaureringsplanen som både eigaren Kystverket og antikvariske styremakter har godkjent.

Vanleg vernepolitikk dei siste åra har vore at bygga skal stå slik det var på fredingstidspunktet. Men Losnegård fekk unntak for Utvær.

## Gulna teikningar

Mot slutten av krigen, i 1945, blei kystfyret i Solund bomba i eit alliert flyangrep. Toppen av fyret, med lykt og linse, blei øydelagt. Bustaden brann til grunnen. Fyrstasjonen blei bygt opp att dei første etterkrigsåra. Gjenoppbygginga dannar grunnlaget for restaureringa.

– Vi har teikningane frå då. Dei har gitt oss eit godt utgangspunkt.

Bygningsarbeidarane har rigga seg til med ein eigen snikkarverkstad på fyret. Her restaurerer dei basert på gulna teikningar. For det er ikkje berre eternitten som skal vekk. Til erstatning for rotnande husmorvindauga, sette inn ein gong 60-talet, lagar dei nye glas. Slik dei var, småruta og tofags.

– Tyngda av arbeidet skal utførast neste år, då er tanken å ta fyrmeisterbustaden, fortel Ove Losnegård.

– Korleis er tilstanden?

– Fyra blei bygde for at dei skulle stå ei stund, så det er ikkje kritisk. Inne ser det rimeleg bra ut. Utvendig er derimot verre, og slik blir det gjerne når her ikkje lenger er folk til dagen. Fyrmeistrane og betjentane heldt ved like heile tida. Dei stulla og stelte og vølte.

## Nasjonsbygging

Til arbeidet i år har Kystverket løyvde 300.000 kroner. Det totale kostnadsoverslaget for restaureringa er 1,52 millionar.

– Eg er veldig optimistisk til at vi skal få fullført arbeidet, seier Geir Egil Skaret.

– Kvifor skal vi reparere desse fyra, dei har jo knapt nokon misjon lenger?

– I dag navigerer sjøfarande etter satellittar. Slik sett kunne vi sløkt fyra. Men dei er fantastiske kulturminne. Og dei var viktige i nasjonsbygginga på slutten av 1800-talet.

Utsynet frå lyktehuset er verd mjølkesyra frå trappegangen. Frå 100 år sidan såg fyrmeisteren utover eit rikt samfunn. Fisket var nært og godt. Då skulen var ny, i 1939, skal dei ha vore 17 elevar. Velstands folk budde på Utvær.

I dag er været vest i havet fråflytta. Ingenting varer evig. Ikkje ein gong eternitt.

# Vertskap utfører dugnadsarbeid



# Rom til leige i ”Brakka” frå 2017



# Solund Kommunestyre klubbar viktige saker – i fyrmeisterbustaden







Hans Utvær les Jakob Sande. Lyr & Lyrikk kveld i Naustet

# ”Askeladden” held konsert i Naustet





Endeleg ny bru for Eva som er vakse opp på Utvær



2 gode veninder Bergitta & Eva, begge vakse opp på Utvær



Nye gode ferieminne blir skapa. Dei små likar å utforske kystkulturen og leiken på øya



# Kortspel
# og god
# prat
# i Naustet



Skyssbåten i havna på Utvær. Den skyssar ut til Utvær: Sommarbuande – Turistar – Skuleklassar – Kommune - Brudepar - Fuglesjåarar – Vertskap





# Utvær fyr prydar ny 50-lapp

